

Uppsalir – Fryjordet (gnr. 16)

Fryjordet i Fåberg er ein av dei gardane som det ser ut mest sikkert må ha skifta namn. Vi skal her sjå litt nærare på dei historiske opplysningane som talar for dette.

Av stor interesse er da eit diplom av 1381 der det er fortalt at det var eit større makeskifte av jordegods slik at Berdor Ivarson gav Ivar Bjørnson 14 øresbol i nordre Birke mot 12 øresbol i Upsalum. Der er vidare fortalt at både desse gardane låg i Vingharæimi. Ein merker seg vidare at både desse gardane og måtte vera heller store gardar. Kvar var det da plass til ein såvidt stor gard som dette Uppsalir, som skulle liggje høgt over dalbotnen, etter det som namnet tyder? Ein merker seg og at dette Uppsalir var bytehandla med eit nordre Birke – Tråset?

Mange, mange år seinare var i 1625-26 desse gardane vorte krongods og var administrert under Akershus len. Da finn ein så blant det mangt og mye som er fortalt i Lensrekneskapen at det og var ein Elløff Knudson som fekk 1. bygsel på ”en rydningsplass før brukt under Troset og Bierke til slåttehede og nu for ham opladt at bygge på”. – Da Elløff seks år seinare svara ”Holding” av bygsla si, skriv han seg ikkje lenger for Elløff Knudson, men for Elløff Fruegiord. Etter nye 3 år er namnet hans i 1634 skrive Elleff Fruegiord, og lanskylda av garden vart da høgda til 3 skinn. Av manntalet for Kopskatten 1645 går det fram at Elleff Fruegiorde var gift. Han betalde da den utlikna ekstraskatten for kona si og seg sjølv med ½ mark i pengar.

År 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er det om ”Frujorde” vidare fortalt at av den samla landskylda, som da var høgda til 6 skinn, låg 3 skinn til Kongen, og dei andre 3 skinn til Ringsaker prestebol. Der er elles fortalt at ”Engen”, innmarka var temmelig god, og at det var jord meir som kunne dyrkast. Buskapen av store husdyr var da 2 hestar og 10 naut, og korntienda vart utreidd med 1 tønne, som altså svara til ei årsavling på 10 tønner. Når det er oppgitt at det i Frujorde var ein liten humlehage, tyder det på at vi her ferdest på ein gard der det ofte vanka tilreisande eller andre gjester som var vant til å bruke øl til maten. Når namnet på setra til garden er skrive ”Dødsetter”, er dette truleg ei feilskrivning for Døsseter. Ein merker seg og at bygslaren og brukaren på garden også i 1668 er kalla ”Einluff”, som namnet da vart skrive.

Av Rulle over Gulbrandsdalen fogderis soldatlegder 1693 går det dessutan fram at ”Fruiorde” hørde med i ”Faaberg Sogns 2. Legd” saman med nedre og øvre Rindal, Gilberg og Ovren, men det var da ingen rulleført soldat frå Fryjordet, heller ikkje husbonden Ole. Om den Ole vi her har for oss kan andre kjelder elles fortelja at han var gift med Sigrí Tommesdtr., og at dei hadde 2 born, nemleg: a. Ingri Olsdtr. f. kring 1680, b. Sidsel Olsdtr. f. 1682, død 1748.

Ingrid Olsdtr. Fryjordet gifta seg visstnok med Iver Christensen i hans 2. ekteskap, og dei fekk isaman 6 born. Dei var: a. Ole f. 1700, gift 1735 m. Eli Pedersdtr. Hattestad, b. Christen, c. Sigrid, gift med Christen Larsen v/Fosseødegården., Øyer, d. Gunhild, g. 1739 m. Even Olsen v/Berg, Øyer, e. Marit f. 1707, død 1731, f. Maren, konfirmert 1737.

Fleire opplysningar om gardane går fram av matrikkelframlegget frå 1723. Der er det om ”Fruiordet” vidare oppgitt at oppsittaren der i den tid og heitte Iver Christensen, og at han sjølv var eigar av jordegods til 3 skinn i garden, men at dei andre 3 skinn framleis låg til Ringsaker prestebol. Husdyrhaldet på garden var da 2 hestar, 12 naut, 11 sauer og 8 geiter, og den årlege utsæd av korn utgjorde kring 3 tønner bygg og litt rug. Vidare er det om garden og

gardsbruket fortalt at Fryjordet ligg i sollia, og at jordarten der er temmelig god, ”dog noget koldlent”. Ein merker seg elles at garden da hadde eiga bekkekværn, truleg i Beinstigbekken eller Døselva, at det var rikeleg med skog, og at setra hadde god hamn.

Ni år seinare var det i 1732 synfaring og skyldsetting i Fryjordet, og om dette fortel ei utskrift av tingboka slik:

”Frujordet i Faaberg.
Besiktigelse.

8. okt. 1732.

Frujordet skylder 6 skind hvorav oppsidderen eier 3 skind med bøksel og Ringsaker prestebol beneficeret 3 skind m.b. Besidderen Iver Christensen angir at han årlig kan så 3 td. bygg og holder 3 herster, 14 nôt, 14 sauer og 12 gjeter. Sæterbol i almindingen og skog til husnytte i sameie med andre. Akeren befandtes i temmelig god stand ved oppsiddereens møisomme arbeide.

Skylden forhøies med 3 skind.”

Etter atter ni år var det i 1741 dødsbuskifte på ”Fryjordet i Faaberg”. Den døde der var da Iver Christensen, og arvebuet utgjorde brutto 520 rd. og netto 506 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enka Ingri Olsdr. dei 6 borna etter husbonden, som alle framleis var i live. Så å seia samtidig fekk og eldste sonen, Ole Iversen Fryjordet, søskenskjøte på farsgarden Frujordet da av skyld 4½ skinn og bygseddell på prestebolsgodset Engerum da også av skyld 4 ½ hud.

Dei nye husbondsfolka Ole Iversen og Eli Pedersdr. skulle elles råkast av den store sorg at husbonden Ole Iversen døde alt året etter, i 1742, og at det var da atter dødsbuskifte i Fryjordet i Faaberg. Ved dette skifte viste det seg elles at arvebuet utgjorde brutto 338 rd. og netto 323 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enka Eli Pedersdr. dei 3 borna i ekteskapet, nemleg: 1. Iver, som da var 6 år, 2. Peder, 4 år, 3. Ingri, 2 år.

Enka Eli Pedersdr. gifta seg oppatt med Iver Christensen Ulland f. 1701, og dei fekk i sitt samliv 6 born. Dei var: a. Marit f. 1743, g. 1769 m. Amund Jonsen Borud, b. Christen f. 1745, c. Beret f. 1746, g. 1772 m. Even Johansen Hovland, d. Arne f. 1751, g. 1790 m. anka Ane Olsdr. Myren, Saksumdalen, e. Anne, f. 1754, g. 1779 m. Christen Ravneberg, f. Ole f. 1760, g. 1785 m. Marit Amundsdr.

Frå Iver Fryjordet si brukartid er ei tinglyst sak av 1753, som etter utskrift av tingboka har denne ordlyden:

”Fåberg 16. febr. 1753

En delektrakt om skogen Skuggerud ved elven Rinden, mellem Anders Moug med interessenter på den ene side og Iver Frujordet med Lars Døsen på den annen side. Dat. 7. febr. 1753.”

Mot denne kontrakt protesterte elles Lars Ovren, Peder Rønne, Jon Borud og fl. frå Vingrum, da ”kontrakten deler skog og mark hvor de har sitt bruk.”

Av åtte år seinare er ei sak av 1761 som i enda sterkare grad handlar om folk og tilhøve på Fryjordet. Saka er elles etter utskrift av tingboka referert slik:

”Fryjordet i Fåberg.

16. febr. 1761.

Iver Frujordet meldte at hans stiftsøn Iver Olsen er odelsmann til gården Frujordet. Han er utkommanderet i Kongens tjeneste som soldat, men er besværet med døvhet særlig på det ene øre og med bræk og meen på sin ene fot, hvilket gjør ham ubekvem til soldattjeneste. Ovenstående ble bekreftet av 2 vidner, hvorom begjærtes tingsvidne.”

To år seinare gav i 1762 Iver Christensen Fryjordet skjøte til stesonen Iver Olsen, f. 1735, på grd. Fryjorde av skyld 4½ skinn med bygsel og 4½ skinn ”for den under meldte gård fra gammel tid underliggende Engerum kaldet som Ringsaker Prestebol er Allernådigst beneficeret, for sum 200 rd.”

Iver Olsen f. 1735, som dermed tok over som eigar og brukar av grd. Fryjordet, hadde i 1758 gifta seg med Berit Jonsdtr. Borud, og dei fekk 2 born, som baa vart døypt Ole, men som ble døde i ung alder.

Da husmora Berit Jonsdtr. og døde i 1763, gifta husbonden Iver Olsen seg i 1765 oppatt med Kari Jonsdtr. Hammershaug, og dei hadde isaman 3 born. Dei var: 1. Jon f. 1768, g. 1799 m. Berte Olsdtr. Bjørstad, 2. Berit f. 1771, død 1774, 3. Eli f. 1775, g. 1797 m. Ole Stubberud.

Iver Olsen Fryjordet var framleis brukar av garden i 1795. Av 5. oktbr. same året, er atter ei kontrakt om hogst og hamning i utmark. Saka skal elles etter utskrift av panteprotokollen vera ref. slik:

”Fryjordet.

Kontrakt Dat. 1797, oktbr. 5. Tgl. 1798 febr. 15. og 16. mellem Iver Fryjordet, Even Gielberg og Christen Neersveen ang. skoghugst og havnegang, ”at samme er bleven af os udmærket, hvorefter enhver af os haver at rette sig og som ved en haffeld ere udmærket, som af os paa begge sider i Standholdes, samme Haffelde tager sin Begyndelse fra et Kiend, kaldes Røn-Kiændet, som strækker sig ned til Rindahls-Samejen.”

Året etter gav så i 1798 faren Iver Olsen Frujorde skjøte til sonen Jon Iversen f. 1768 på ”4½ skind i Frujorde med bruksretten over Engerum, av skyld 4½ skind for 250 rd. samt føderåd.” Så å seia samtidig fekk og den nye brukaren bygselseddel frå sokneprest Henrich Ancher på bruken av 4½ skinn ”i Frujordet kaldet Engerum”.

År 1801 kom påbodet om folketelling, og det budde da 2 familiar i Fryjordet. Dei var:

1. familie: 1. Jon Iversen, husbonden, 33 år, 2. Berthe Olsdtr. kona hans, 22 år, 3. Karen Jonsdtr. dotter deira, 1 år, 4. Jon Christensen, tenestkar, 36 år, 5. Jens Christensen, tenestkar, 15 år, 6. Kirsti Christensdtr., tenestkvinne, 38 år, 7. Sønnøv Rasmusdtr., tenestkvinne, 18 år, 8. Berit Rasmusdtr., tenestkvinne, 12 år, 9. Kari Jonsdtr., føderåds-kone, 56 år, 10. Ingebor Pedersdtr., ”Nyder Lægd”, 72 år.

2. familie: 1. Svend Pedersen, husmann med jord, 52 år, 2. Beret Olsdatter, kona hans, 58 år, 3. Christen Svendsen, son deira, 12 år, 4. Berit Larsdatter, pleiebarn, 9 år.

Husbonden Jon Iversen f. 1768 og Berte Olsdtr. f. 1779 fekk i sitt ekteskap 3 born. Dei var: a. Karen f. 1800, g. 1819 med Erik Amundsen Olstad, b. Anne f. 1803, g. 1830 m. Erik Olsen Bratberg, c. Johanne f. 1807, g. 1827 m. Erik Pedersen Bliberg.

Frå Jon Iversen si brukartid er vidare eit tinglese kommissjonsforlik, som på sin måte er opplysende, og som etter utskrift har denne ordlyden:

”Fryjordet.

Kommissjonsforlik Dat. 1809, juni 1. Tgl. 1809, juli 26. Jens Skjeggestad indkaldte Jon Frujordet fordi han lader havne med sine Creature paa RindahlsØdegaarden, som er Rindals retmessige Ejendom. Jon Frujordet mødte og forbandt sig til ikke af ham eller hans Folk nogensinde vil eller skal med sine eller fremmede Creature havne paa RindahlsØdegaarden eller dennes Ejendom og det slet ikke mod nogen Villie.”

Ein gjer merksam på at den RindahlsØdegaarden det her gjeld låg like inn til jordet i Fryjordet på sør-østre sida.

Året etter denne saka var den 24. august 1810 husbonden Jon Iversen alt død, og det var da atter arveskifte i ”Frujordet i Lillehammer, Faaberg”. Ved dette skiftet vart ”eiendomsgodset av Boets gaard Frujordet” taksert for 2000 rd., og arvebuet utgjorde brutto 4660 rd. og netto 3168 rd., så det var framleis velstand i Fryjordet.

Enka Berte Olsdtr. Frujordet gifta seg snarest etter oppatt med Christen Jacobsen Reistad, som så overtok bruken av garden. Den 1. desbr. 1810 fekk Christen Jacobsen og bygselseddel frå presten Bergh på bruken av ”gaardepl. Engerum”, som altså framleis var benefisert gods.

Litt meir om storleiken på gardane i den tid går fram av matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om Frujordet oppgitt at buskapen av store husdyr i den tid var 3 hestar og 18 naut, og at den årlege kornavlinga utgjorde ca. 55 tønner. Det er vidare opplyst at garden da hadde 2 husmannsplassar. – Just same året, altså i 1819, skjøta og brukaren Christen Jacobsen grd. Frujordet over til Erik Amundsen Olstad, som var gift med odelsarvingen Karen Jonsdtr. Frujordet f. 1800.

Karen Jonsdtr. Frujordet og Erik Amundsen fekk i sitt ekteskap fleire born. Dei var: a. Johan f. 1819, b. Amund f. 1822, død same året, c. Amund f. 1823, g.m. Oline Andersen, d. Iver f. 1826, død s.å., e. Berte f. 1827, f. Eli f. 1829, g. 1901 ? m. Mons Hansen Suttestad g. Kristine f. 1832, g.m. Mathias Glemmestad, h. Iver f. 1835, død same året, i. Johanne f. 1836, g.m. Ole Kindlien.

Ved matrikuleringa av gardane i 1838 var den gamle landskylda i huder og skinn skifta ut med ei matrikkelskyld uttrykt i skylddalar, ort og skilling. ”Fruejordet” fekk da som si nye matrikkelskyld: 7 skylddalar 4 ort og 20 skilling, og det var da framleis Erik Amundsen som var brukar av garden.

Erik Amundsen brukte så Fryjordet vidare til i 1845, da han skjøta ættegarden over til sonen Johan Eriksen f. 1819. Den nye husbonden, Johan Eriksen Frujordet, gifta seg i 1846 med Ingeborg Marie Sollien, Torpa, og dei fekk 5 born, nemleg: a. Erik f. 1846, b. Andreas f. 1850, ugift, kjøpte Li, Nes Hedmark, c. Karen f. 1856, g.m. Even Flugstad, d. Anne f. 1859, g.m. Peder Nilssen Steel, e. Elise f. 1863, g. 1896 m. lærar Andreas Ulsaker.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Om Frujordet med Engrum er det der opplyst at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer tilsaman utgjorde 351 mål, og av dette var 87 mål jord av 1. klasse. Samtidig er det oppgitt at buskapen på sjølve garden Frujordet da var 4 hestar, 19 storfe og 35 småfe, men dertil var det på husmannsplassane til garden tilsaman 8 storfe og 25 småfe. Ført på same måten var den årlege utsæden på sjølve garden det året:

kring 12 tønner korn og 11 tønner settepoteter, men dertil var utsæden på plassane tilsm.: kring 3 tønner korn og 7 tønner settepoteter.

Fire år seinare var det i 1869 fleire handlar som vedkom Fryjordet. Eigaren og brukaren i den tid kjøpte da ein del av Haugerøgarden (grn. 15 brn. 9) av skyld 1,10 mark; samtidig kjøpte og Johan Fryjordet halvparten av Stillia skog, grn. 19 brn. 4. I samband med dette lånte Johan Frujordet 800 spd. i Norges Bank og 1000 spd. i Pensjonsfondet for Geistliges Enker, alt mot pant i grd. Frujordet. Desse obligasjonane vart elles avlese alt i 1870.

Faren Johan Eriksen Frujordet brukte garden til i 1879, da han skjøta ættegarden Fryjordet over til sonen Erik Johansen Fryjordet for kjøpesum kr. 6000,- + føderåd av 5-årleg verdi kr. 1 450,-.

Erik Fryjordet og hustru Juleane f. Flugstad, som dermed tok over som oppsittarar på Fryjordet vart i sitt ekteskap foreldre til 4 born. Det var: 1. Johan f. 1883, 2. Ingeborg Marie f. 1885, g. 1913 m. Karl Bakken, 3. Arne f. 1887, g. 1924 m. Gunvor Bruun, 4. Oleane f. 1889.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i skyldmark og -øre og slik at det var 100 øre i 1 mark. Fryjordet, som namnet der er skrive, fekk da som sitt nye gardsnummer nr. 16 av samla skyld 13,27 mark, og det var da 2 bruksnummer under gardsnummer 16 Fryjordet. Dei var: a. Grn. 16 brn. 1 Fryjordet av skyld 12,21 mark, som Erik Johansen framleis var eigar og brukar av, b. grn. 16 brn. 2 Engrum av skyld 1,06 mark, som Johan Eriksen der er oppført som eigar ell. brukar av.

Erik Fryjordet f. 1846, som i den tid var eigar og brukar av Fryjordet, var forutan å vera ein driftug og dugande jordbrukar, og ein aktiv kristen. Han opna heimen sin for religiøse møte, og han var i 1914-15 og formann for Indremisjonen i Gudbrandsdalen. Han hadde og kunstnarleg givnad og sysla ikkje så lite med rosemåling.

Faren Erik Fryjordet f. 1846 brukte så garden til i 1908, da han skjøta grn. 16 brn. 1 og 2 Fryjordet og grn. 15 brn. 9 Øvre-Ødegaarden over til eldste sonen Johan Fryjordet, f. 1883, for samla kjøpesum kr. 21 000,- + føderåd til foreldra av 5-årleg verdi kr. 2 500,-.

Den nye eigaren og brukaren av garden, Johan E. Fryjordet f. 1883, gifta seg i 1907 med Ragnhild Jørstad, dotter av kontrollør Thomas Jørstad i Døsen, og dei fekk 3 born, nemleg sønene: 1. Erik f. 1908, 2. Torgeir f. 1918, g. 1946 m. Eldrid Hattestad, 3. Jon f. 1923, g. 1960 m. Jacqueline René Gibassier.

Husbonden Johan E. Fryjordet var ein typisk representant for ætta. Han hadde stor interesse for og lett for å fatte det nye. Han arbeidde raskt og sikkert både med plog og penn og vart mye med i det faglege og kommunale liv. Han var og i ei årrekke medlem av styret for Fåberg Brannkasse.

Johan E. Fryjordet brukte garden til i 1932, da han skjøta Fryjordet over til sonen Erik J. Fryjordet f. 1908.

Erik Fryjordet f.1908, som er representanten for det 10. ættled av slekta i Fryjordet, gifta seg i 1955 m. Ingeborg Malme f. 1920, og dei har som sine barn: 1. Inger Elisabeth f. 1956, 2. Johan f. 1958. For tida er det den nåverande brukar i Fryjordet, eigaren og brukaren Erik

Fryjordet f. 1908, som er medlem av skulestyre i si bygd, som nå altså er storkommunen Fåberg-Lillehammer.

Tilslutt let vi så den nåverande husbond ut frå sitt nære og rike kjennskap til garden fortelja om Fryjordet med sine egne ord; Ein gjer elles først merksam på at tala ved dei ymse avsnitt viser til tilsvarende spørsmål på dei utsendte spørjeskjema:

1. Dyrka mark er nå 148 da, slåttmark og beite 70 da, 20 da seterløkke bortleid på Ålkjern, 2 ubrukte husmannsplasser, skog ca. 2000 da produktiv.
2. I fogderegnskapet for 1725 er Vismoen etter avholdt tingsvitne satt til 8 skillings betaling og til bruk for Fryjordet og Ovren. I skiftebrev av 1742 er nevnt ½ parten av en åfløye i fiskevatnet Lunchen. Ellers er fisket i "Båntjernet" nær garden.
3. Intet av skogen er unnasolgt.
4. Høgde over havet ca. 400 m.
5. Den eldste delen av hovedbygningen er fra 1796, og den eldste delen av låven (trefagslåve) fra samme tid, og ble bygget av daværende bruker Iver Olsen Fryjordet. Kårbygningen er bygget (flyttet?) i 1865. Et gammelt stabbur brukes til kornstabbur. Hovedbygningen ble påbygget i ca. 1905, og uthuset (låven) påbygget i 1911.
6. Her er framskap fra 1765. Hjørneskap fra 1723. Stor Bærumsovn fra 1775. Flere dragkister bl.a. en stor pen en fra 1807. Iver Olsens ferdaskrin. Pen herre- og damesal. Gammel veveredskap, rokker, hekler, bråkstoler for lin. En gammel handkvern (nevnt i 1742?). Gammel spisslede, seler og kløvredskap. Tømmermanns- og snekkerredskap. Redskap for melkestell, koller, kjerner, kakker, smørbutter, mysuflasker o. l. En del gamle ploger og arder. En Lomsk radsmaskin. Rester fra opgangssaga ved Stilbruberget. En innretning muligens brukt ved tvinning av reip.
7. Det er hustufter på den nedlagte Ovren Ødegård (Haugerødegården) og i Nilslykkja (Nysvea) og i Torkildsvea. (Det var truleg der han budde den Torkild Fryjordet som i 1819 var leverandør ved Jevne Glasverk, A.H.) – Det er slagg etter myrmalmbrenning ved Storbekken ved Nydøsetra. Tomt etter kolbrenning funnet ved et tilfelle i Stillia. Oldfunn kjennes ikke. Av stedsnavn nevnes: Hommelgardsroa, Gjertrudbakken, Monson, Mælingen, Beinstigen, Bessmoråkeren og nede ved elva Rinna har vi Døsvaet og Stilbruberget, hvor det var en opgangssag visstnok tilhørende Fryjordet og Døsen.
- 8 Ved utskifting av sameieskog i Fåberg Vestfjell ble garden tildelt såkalte sameiestykker i Svartdalen. Sameiestykket ved Nydøsetra fulgte med setra ved handelen i 1869.
11. Det kan nevnes at min far Johan Fryjordet fikk dyrket opp mye jord i sin brukstid, anslagsvis ca. 40 da. Dessuten bygget og restaurerte han mange av husene på garden.
12. I Torkildsvea bodde i sin tid Andreas Jensen (Midthaugen) som var kjent som en dyktig lagger. Ellers tror jeg at det på garden i 1750-årene var habile tømmermenn.
13. I 1960 ble det brukt ca. 10 da til poteter, 4 da til neper, 40 da til korn, 15 da til silofoer, 75 da til eng samt skrapslått.

I 1900 ble antagelig brukt ca. 4 da til poteter, 40 da til åker, 60 da til eng + ganske mye skrapslått.

I skogbruket ble den gamle stuttingen med pjekser kassert til fordel for den nyere bjelkestuttingen, rustning og nyere lunnedrag. Traktor med redskaper forsøkt i skogen, motorsag er blitt vanlig.

Høivogn og stuttkjerre brukes fremdeles en del i jordbruket, men er for det meste avløst av høisvans og silosvans og andre traktorredskaper. Traktor med redskaper ble kjøpt i 1954-55, varebil i 1956. Til skuronna brukes nå selvbinder. Hestslåmaskinen er ennå i bruk. I fjøset er kommet melkemaskiner.

14. I 1960 var besetningen: 3 hester, 14 kuer + 7 ungdyr, 22 sauer, 3 grispurker + noen slaktegriser samt 20 høner.

I år 1900 var besetningen: 4 hester, 16 kuer + ungdyr, ca. 30 geiter og 1 a 2 grispurker. Avdrått fra seterbruket før kjennes ikke sikkert, men etter at vi begynte å yste rauost, muligens noen år etter århundreskiftet, hadde vi en 2 a 3 oster for dagen på setra den tida det var mest mjølk. Prisen på rauosten var da ca 1 kr pr. kg.

I 1960 ble all melk fra setra levert på meieriet. Det ble det året levert godt 10 000 kg a ca. kr. 0,60 pr kg. Det ble ystet bl. geitmyseost på setra helt til Torpavegen ble tatt i bruk i 1955.

15. Omkring 1900 var det 2 husmenn, 2 faste tjenestekarere, 1 a 2 tjenestejenter foruten familien. I skuronna og potetonna var det enda flere. I 1960 var foruten eieren og kona 2 faste karere til hjelp i sommerhalvåret. Om vinterene 1 fast kar eller ingen. Budeie eller sveiser var det selvsagt.

17. I kostholdet omkring 1900 ble det nok brukt mye mer graut og mjølkemat enn nå tildags, mere spekesild, mer spekemat og saltet kjøttmat. Nå brukes mere kakubrød og margarin, innkjøpt pålegg og sikkert mere kaffe. Spekemat brukes mye fremdeles, men blir nå mer avløst av dypfrosset vare. Den gamle gode seterkosten, fjellsmøret, kvitosten og geitosten er selvsagt en saga blott.

Ellers brukes fremdeles mye mat i ”gammel stil” på garden.

I onnetider, og da serskilt i potetonna kunde det ofte være mange til bords, kanskje en 15 stykker med smått og stort. I slåttonna var det vanlig at slåttefolket fikk med sig mjølkeblending ut på jordet. Dessuten var det vanlig med eftasvæl. Det var jo lengre arbeidstid om dagen.

18. Ingen naturskade av betydning er kjent.

20. De store og mange steinrøyser og flere store åkerbakker vitner om generasjoners slit og en sterk tro og kjærlighet til jordbruket. Det var selvforsyningsjordbruket som var rådende. Det gjaldt å skaffe mest mulig for til berging for feet, og råstoff til redskap, klær og sko. Nesten alt på garden var heimegjort. Veiløst som det omtrent var, var det sleden som ble mest brukt. Trestangsslede til høikjøring, det var lett vint, det var ikke langt til en liten låve. Det var ei lita lyu for hver slåteteig. Jeg vet om tufter etter 7 utlåver. Høikjøring heim til låven på garden var vinterarbeid.

Treskingen foregikk med tust, senere med hestevandring. En vindmølle-innretning ble også engang prøvd. All transport til setra gikk med kløvgamper den lange veien til Ålkjernsetra. På setra hadde nok Fryjordskara den tida det fint. Det var fisk å få både i ”Vismen” og i ”Lunchen”. Det ble nok fyllt mange fiskebutter.

Heime på garden stod barkekaret i stallskuten. Det skulle bli lær til sko og seler. Kvinnene i huset sat ofte ved rokken og veven, og om høsten ble støpt lys til den lange vinteren. I trystua ble bråket lin, og i smiua stod gamlefar og smidde.

Generasjon fulgte generasjon. Barna ble voksne og dro ut. De fleste gjentene ble gifte, somme i bygda, andre utenbygds. Vi vet hvor de fleste havnet. En Peder Olsen Frujordet født i 1837, kjøpte Moe i Vingerum.

I året 1800 ble født en jente Karen. Hun giftet sig i 1819 med handelskar Erik Amundsen Olstad fra Venstre Gausdal. – Karen og Erik hadde visstnok 11 barn. Eldstegutten var min oldefar Johan Frujordet. Hans bror Amund var orgelbygger og reparatør og hadde en tid alle kirker i Oslo. En søster Kristine giftet sig og drog til Iova i U.S.A. Johan Fryjordet hadde 5 barn. En datter Anne reiste også til U.S.A.

På Johans tid ble skogen mere verd, og det ble mer almindelig med skogsdrifter. I 1914 ble ny vei åpnet fra Vingrom til Døsgrenda. Min bestefar og far var ivrige etter å få denne veien i stand.

En ny tid var i emning. Det gamle selvforsyningsjordbruket måtte vike for handelsjordbruk med de forandringer som dette måtte føre med sig både av godt og vondt.

Erik Fryjordet.”

Vedlegg 1:

Ein merker seg uttrykket ”sláttehede”, sláttehei. Det må her vise til at dei areal det gjeld, var ei heller stort slátteareal. – Ein minnest med det same at i bygdemålet hadde gardnamnet frå gamalt av fleirtalsendinga ”- om”, døme: Her i Fryjordom. Han var frå Fryjordom. Kwart av jordom hadde så eit eige kjenningsnamn. Her var: Nordenga og Midtenga, Lykja og Engrom.

Ein kan undrest over at eit gamalt godt gardnamn som Opsal så reint kunne gå i gløymse. – To grunnar er her sikkert dei avgjerande. Det eine er avfolkinga under svartedauden med dei mange tradisjonsbrot som dermed følgde. Det andre er at Fryjordet i mellomtida var vorte enkesete under Ringsaker presteombod. Da var det nye namnet ”Frujordet” slett ikkje noko uhøveleg namn. - -

Denne stadfestinga av det gamle bortkomne Uppsalir fører vidare med seg at ein truleg heilt visst kan fastslå at same gamle Uppsalir nok er opphavsgarden her i Øverbygda Vingrom. Som garden Uppsalir Fryjordet ligg til peikar han seg framleis ut som opphavsgarden der i grenda.

Med dette vender vi så tilbake til bygslaren og brukaren av 1625 Elløff Knudsen.